

### Høyringsfråsegn frå Høgskolen i Bergen om nynorsk rettskriving

Som ein kan vente, er det ikkje semje i fagmiljøet ved Høgskolen i Bergen, avd for lærarutdanning i alle normeringssaker. Somme har grunnleggjande innvendingar mot mandatet for nemnda, men det er ikkje eit spørsmål som vil bli drøfta her, sjølv sagt. Vi vel først å gå gjennom dei spørsmåla som nemnda ber spesielt om kommentarar til i høyringsbrevet.

Fleirtalet støttar desse endringsforslaga:

1. berre *-leg*
2. berre *-stilling*
3. oppryddinga i samsvarsbøying, perfektum partisipp
4. klammeform med enkel konsonant (*rame*) skal ut
5. kløyvd infinitiv ut
6. i-mål ut

Vi støttar *ikkje* framlegget om å innføre *dykk* i subjektsform. Det finst vel knapt nokon som har *dykk* som subjektsform i talemålet, og det er ikkje rimeleg å gje denne forma plass berre fordi det er ein vanleg feil i skrift. Om vi skulle finne ei meir talemålsnær form enn den vi har, må det bli *dokker* i både subjekts- og objektsform. Men då må ein finne ei løysing for possessiven: *dokkar(s)* ville kanskje ikkje ha gode sjansar til å slå gjennom. Konklusjonen blir at *de – dykk – dykkar* bør behaldast.

Vi deler *ikkje* det synet at mykje brukte former som *høre, kjøre, noe, skole, bare* bør ut. Det må vere bruk av formene som skal avgjere, ikkje om formene fell saman med bokmålsformene. Å ville ”demma opp mot at det offentlege og læremiddelprodusentar skal velja dei mest bokmålsnære formene” må ikkje vere retningsgjevande for den nye rettskrivinga. ”Bokmålsnær” er ikkje synonymt med ”nynorskfjern”. Vi meiner at vi bør behalde jamstilte former av mykje brukte ord, og at *noe(n)* og *mye* kan jamstillast med *nokon* og *mykje* (men vi støttar dei andre innstrammingane i 3.3.2.). Dette samsvarer med resonnementet i punktet om jamstilte former med og utan *j* i *legg(j)e* og *brygg(j)e*.

#### Andre kommentarar

Mange endringsforslag er vi nøgde med, t.d. oppryddinga i verbmorfologien (obligatorisk *-st*, einstava presens i sterke verb, bort med *-i* i partisipp av sterke verb, oppryddinga i svake hokjønnsord (*ei visa – visor – visone* ut). Å samle suffiksa *-et/-ut/-ete* til eitt (*-ete*) tykkjer vi også er av det gode.

### 3.1.17

Det er greitt å redusere talet på valfrie former her, men vi ville føretrekkje *fråver*, *samver* pga samanhengen med *vere*. Ein bør kunne gå endå lenger: Kvifor er det viktig å behalde både *fråvær* og *fråvære*?

### 3.2.5

Vi kan ikkje sjå gode grunnar til at vi skal ha jamstilte former med og utan bindevokal (*sjuk(e)leg*).

### 3.4.5.

Vi etterlyser meir drastiske forslag når det gjeld kortverba. Undersøkingane det blir vist til, peiker i retning av kortformer. Vi meiner former som *glir/vrir* i presens og *glei/vrei* i preteritum godt kan bli eineformer.

### 3.4.7.

Her finn vi eit prisverdig forsøk på å rydde opp i skogen av valfrie former (*-de/-te* i preteritum og *-d/-t* i perfektum partisipp av svake verb). Dei føreslåtte prinsippa er gode, men det er om å gjere at unnataka blir så få som mogleg.

Bergen, 25. februar 2011

Norskseksjonen ved Høgskolen i Bergen, Avdeling for lærarutdanning